



## Sande kommune

### VEDTEKTER KULTURPRISEN FOR SANDE

1. Kulturprisen er oppretta gjennom eit samarbeid mellom Sande kommune v. Driftsutvalet og Sparebanken Møre, Larsnes.  
Namnet på kulturprisen er **Kulturprisen for Sande**.
2. Kulturprisen er på kr. 20.000,-.  
Sparebanken Møre, Larsnes og Sande kommune yter kvar kr. 10.000,- til prisen.  
Kulturprisen kan delast ut ein gong pr. år, under føresetnad av at det er kandidatar til prisen.
3. Kulturprisen kan delast ut til ein eller fleire, einskildpersonar eller lag som høyrer heime i Sande kommune, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege. Særskilt kulturinnsats kan vurderast på fritt grunnlag innanfor dei rammene som elles gjeld i vedtektene. Dersom kulturarbeidet til vedkomande kandidat har kome eller kjem særleg innbyggjarane i kommunen til gode, og elles under dei føresetnadar som er nemnt ovanfor, kan prisen også tildelast kandidatar som ikkje er busette i kommunen. Vert prisen delt ut til fleire, skal summen delast.
4. Oppmoding om å sende inn framlegg på kandidatar til kulturprisen skal lysast ut i lokalpressa, samt heimesida til Sande kommune. Ansvarleg for dette er Driftsutvalet v. kulturkontoret. Framlegg på kandidatar kan sendast til kulturkontoret i Sande innan fastsett frist. Saman med framlegget skal det følgje ei kort grunngjeving for kvifor ein meiner kandidaten fortener prisen.
5. Utveljing av kandidatar og vurdering av om det er verdige kandidatar, vert føreteke av ei kulturprisnemnd på 3 medlemmar valt av Driftsutvalet i Sande kommune, og ein representant frå Sparebanken Møre, Larsnes. Saman med utveljinga skal følgje ei skriftleg grunngjeving.
6. Tildeling av kulturprisen skal kunngjerast. Tildelinga skal finne stad på eit passande arrangement på hausten. Sparebanken Møre, Larsnes og Sande kommune byter på å dele ut kulturprisen.
7. Vedtektene kan endrast av Sparebanken Møre, Larsnes og Sande kommune v. Driftsutvalet dersom det er ynskje om slik endring. Dei kan og gjere vedtak om at ordninga skal opphøre.